



## SAKSFRAMLEGG

Utval	Møtedato	Utvalsak
Plan- og miljøutvalet	27.04.2022	65/22
Kommunestyret	12.05.2022	37/22

## Klimarekneskap for kommunens drift 2021

### Vedlegg

- 1 Klimarekneskap Vinje kommune 2021
- 2 Klimagassregnskap RenoVest.pdf

### Dokument i saka

Klimarekneskap 2019, vedteke i kst 18.06.20, sak 20/53  
Klimarekneskap 2020, vedteke i kst 15.09.21, sak 21/67  
KDP for klima og berekraft, vedteke i kst 15.04.21, sak 21/26

### Bakgrunn

Kommunen har årleg ført klimarekneskap for kommunens drift sidan 2019. Dette er i tråd med målsetjing 7 i KDP for klima og berekraft vedteke 15.04.21, sak 21/26. Administrasjonen er ein del av *Klima og energi nettverket* i regi av fylkeskommunen – og har der forplikta kommunen til å årleg rapportere klimarekneskap for eigen verksemd. Frist for rapportering er 1. juni. Fylkeskommunen førar statistikk for alle kommunane i fylke som er med i nettverket – rapporten er synt i klimabarometer til fylkeskommunen<sup>1</sup>.

### Vurdering

Miljødirektoratet sin utsleppstatistikk frå 2020 syner utsleppet i heile kommunen fordela på 9 sektorar. For kommunens drift må ein manuelt henta inn forbrukstal i kWh frå Rauland kraft og Vest-Telemark kraftlag, mengde restavfall i kg frå Renovest og Norsk Gjenvinning, drivstoff-forbruk frå Leaseplan Norge, AutoLease, Circle K, Esso og Yx. Vidare er det henta inn tal på km som er køyrd på driftskontraktar på brøyting og strøyting.

Dei interkommunale selskapa Renovest og Kvito er vurdert å inkludere i kommunen sitt klimarekneskap. Dette er selskap som kommunen er deleigar i, og såleis utgjer det ein del av kommunens klimafotavtrykk. Kvito AS har ikkje eit klimarekneskap enda, men er i gang med miljøfyrtårnsertifisering der det vil føreliggje eit klimarekneskap etterkvart. Renovest har eit klimagassrekneskap frå 2020 som ligg vedlagt saka. Vinje kommune eig 29 % av Renovest.

<sup>1</sup> <https://www.vtfk.no/globalassets/vtfk/dokumenter/samfunnsutvikling-internasjonalisering-og-klima/klima-miljo-og-internasjonalisering/klima/klimabarometeret-2020-2021-feb-2022-redigert.pdf>

I 2021 var det totalet utsleppet for kommunes drift 498,7 tonn CO<sub>2</sub>, ei auke på 11,2 %. For å redusere det samla klimafotavtrykket til kommunen dersom me skal nå det regionale målet innan 2025 er det er heilt naudsynt å raskt setje i verk klimatiltak og følgje dei opp. Spesielt utslepp knytt til restavfall og fossile køyretøy er områder kommunen kan betre.

Natur/arealrekneskap som syner omdisponering av karbonrike areal er eit nytt tema i år. Ein slik oversikt bør førast årleg for vedtekne reguleringsplanar for å synleggjere effektane av planlagt omdisponering av karbonrik natur. Det er enorme mengder CO<sub>2</sub> som er lagra rundt om i norske økosystem - omdisponering av slike areal er ikkje i tråd med nasjonal og regional målsetning om reduksjon av CO<sub>2</sub>-utslepp. Eit større natur/arealrekneskap bør også førast ved rullering av arealdelen, samt for satsingsområder og kommunedelplanar.

I 2021 vart det vedteke 3 reguleringsplanar, med eit planlagt samla utslepp på 2704,8 tonn CO<sub>2</sub>-ekv. – over 5 gonger så høgt utslepp som heile kommunens drift. Dette utsleppet er ikkje inkludert i sjølve klimarekneskapet, men omtala i klimarekneskapet. Dersom malen til fylkeskommunen reviderast for 2022 - vil dei vurdere om det er aktuelt å inkludere eit type naturrekneskap under «klimafokus 4» som gjeng på utslepp knytt til endra arealbruk.

## **Kommunestyret si handsaming av sak 37/2022 i møtet den 12.05.2022**

### **Røysting**

Framlegget frå plan- og miljøutvalet blei samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

- Klimarekneskapet for kommunen sin drift 2021 blir tatt til orientering.
- Det må setjast krav til årsrapport frå dei ulike leverandørane og vurdere krav til enkel klimarapportering i nye driftskontraktar/anbod frå januar 2023.
- Revidering av reiserekningane bør vurderast for å kunne skilje på type køyretøy, flyreiser innanlands, Europa og utlandet ved tenestereiser.
- Rådmannen følgjer opp punkta i avsnittet «Kva kan kommunen gjere for å nå målet med 60 % CO<sub>2</sub>-utslepp innan 2030?» i klimarekneskapet for 2021.
- Natur/arealrekneskap skal årleg førast for vedtekne planar og kommenterast i klimarekneskapet – alternativ førast under klimafokus 4 dersom fylkeskommunen reviderer malen til klimarekneskapet.

---

## **Plan- og miljøutvalet si handsaming av sak 65/2022 i møtet den 27.04.2022**

### **Røysting**

Framlegget frå rådmannen blei samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

- Klimarekneskapet for kommunen sin drift 2021 blir tatt til orientering.

- Det må setjast krav til årsrapport frå dei ulike leverandørane og vurdere krav til enkel klimarapportering i nye driftskontraktar/anbod frå januar 2023.
- Revidering av reiserekningane bør vurderast for å kunne skilje på type køyretøy, flyreiser innanlands, Europa og utlandet ved tenestereiser.
- Rådmannen følgjer opp punkta i avsnittet «Kva kan kommunen gjere for å nå målet med 60 % CO<sub>2</sub>-utslepp innan 2030?» i klimarekneskapet for 2021.
- Natur/arealrekneskap skal årleg førast for vedtekne planar og kommenterast i klimarekneskapet – alternativ førast under klimafokus 4 dersom fylkeskommunen reviderer malen til klimarekneskapet.

Saksordførar: Nils Johan Svalastoga Garnes

---

### Rådmannens framlegg til vedtak

- Klimarekneskapet for kommunen sin drift 2021 blir tatt til orientering.
- Det må setjast krav til årsrapport frå dei ulike leverandørane og vurdere krav til enkel klimarapportering i nye driftskontraktar/anbod frå januar 2023.
- Revidering av reiserekningane bør vurderast for å kunne skilje på type køyretøy, flyreiser innanlands, Europa og utlandet ved tenestereiser.
- Rådmannen følgjer opp punkta i avsnittet «*Kva kan kommunen gjere for å nå målet med 60 % CO<sub>2</sub>-utslepp innan 2030?*» i klimarekneskapet for 2021.
- Natur/arealrekneskap skal årleg førast for vedtekne planar og kommenterast i klimarekneskapet – alternativ førast under klimafokus 4 dersom fylkeskommunen reviderer malen til klimarekneskapet.

Saksframlegg er godkjent av plan- og økonomisjef, Gry Åsne Aksvik 12.04.2022.